

Fra: Gunnbjørg Austrheim (Gunnbjorg.Austrheim@hfk.no)
Sendt: 25.01.2016 14:46:15
Til: Tore Slinning
Kopi:

Emne: VS: Høyring av forslag til kommunedelplan for Sysendalen, Eidfjord kommune
Vedlegg:

Fra: Gunnbjørg Austrheim
Sendt: 25. januar 2016 14:27
Til: Tore Slinning (Tore.Slinning@hfk.no)
Emne: Høyring av forslag til kommunedelplan for Sysendalen, Eidfjord kommune

Høyring av forslag til kommunedelplan for Sysendalen, Eidfjord kommune

Nyare tids kulturminne

Planar om Eidfjord Resort er det sentrale elementet i grunnlaget for planarbeidet, men planen skal og omfatte mellom anna vedteken sti- og løypeplan og endring av føremål fritidshus-bustad.

I oppstartsmeldinga meldte fylkeskommunen inn at vi er skeptisk til ei høg utnytting i medhald av dei planar som er godkjende. Vi har peika på at i det vidare planarbeidet bør kommunen setja fokus på og sikre landskap og omgjevnaden med kulturminne og kulturlandskap som ein ressurs. Planområdet er ope og eksponert og ei ytterlegare utbygging ser vi på som sårbar og eksponerande i høve å sikre desse verdiane med nær og fjernverknad.

Nyare tids kulturminne, av det vi er kjent med gjennom bygningar registrert i Sefrak innafor planområdet, er fleire registreringar på Garden, Solbakken, Sjursløken og Fet. Kulturmiljøet på Fet er sikra på ein god måte i omsynsone «*Omsynssone H 570, bevaring av kulturmiljø.*

Dei fleste nyare tids kulturminna ein er kjent med gjennom Sefrak resisteret, vert ikkje i direkte konflikt med dei nye tiltaka i planen men det er likevel viktig å få kartlagt og verdivurdert desse og eventuelt andre kulturminne innafor planområdet. Det viktig å få fram informasjon om kulturminne som t.d. steingardar, vegar, vegfar etc. Dette er naudsynt for å vurdere om nokon av

desse bør vernast og sikrast. Denne viktige synleggjeringa og kartlegginga av kulturminneinteressene manglar i planen som no er på høring.

Av nyare tids kulturminne som ein kjenner til gjennom Sefrak registerer, er eit tun på gnr 18 bnr 1, som ligg rett aust for krysset ved innkjøringa til Rv 7. I samband med planlegginga av traffikale løysingar for tilkomst har vi i oppstartsmeldinga bedt om at det må gjerast greie for omsynet til desse kulturminna. Dette kan vi ikkje sjå er gjennomført.

Gunnbjørg Austrheim